

# TROLLEDALEN NØRDRE



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Dette bruket som er nordre del av Trolldalen i dag har også vore nemnd som Puncheløkken (Ponslykkja) og Trælvigløkken. Knut Knutsen Faukstadeie eller Hålgåeige 1815-1872 vart i 1845 gift med Marit Olsdotter nordre Vetlsæter f. 1817, d. etter 1900. Dei var ved folketellinga i 1865 busette i Trælvikløkken, men Bygdabok for Lom nemner at dei tidlegare var i Vistestrind. Knut Knutsen fekk feste på Trolldalen i statsalmenningsa i 1872, men han døydde same året. I 1875 var det enkja som er nemnd som eigar og bestyrar av bruket. Knut og Marit hadde sonen

Knut f. 1848

Denne yngre Knut Knutsen var gift med Anne Pedersdtr. Ulsbustugu f. 1852, dotter til Per Sveinson, og etter vigsla bur dei i Vistestrind. Dei hadde barna

Ola f. 1873, utlytt til Quebec i Canada 1896

Marit f. 1875, utlytt til Quebec i Canada 1896

Embjørg f. 1875, utflytt til Quebec i Canada 1896

Per f. 1882, utflytt til New York i 1901

Mari f. 1885, til Minnesota i USA i 1901

Edvard f. 1888, til Minnesota i USA i 1901, skal ha delteke i 1. verdskrigen

Anton f. 1891, til Minnesota i USA i 1901, skal ha delteke i fyrste verdskrigen

Ola var truleg fødd i Vistestrind, medan dei andre var fødde i Trolldalen. Knut og familien har truleg flytta til Trolldalen etter at faren vart borte, for i 1875 var dei busette der saman med mora. Knut Knutsen har fått ny festekontrakt i 1883. I 1900 budde familien framleis i Trolldalen, men Knut var registrert som mellombels fråverande i og med at han var i Amerika. Knut tok utflytjing til Halifax i 1893, men har vore heime att for i 1896 tok han med seg dei

*tre eldste til Quebec. Dei har reist vidare til Minnesota, for i 1901  
reiste Anne og dei yngste barna etter dit. New York, Halifax og  
kanskje også Quebec var truleg ikkje noko reisemål, men helst berre  
oppgjeve som ilandstigingshamn, kanskje fordi det ikkje var nøyaktig  
planlagt kor dei skulle slå seg til. Det er kjend at Knut dreiv som  
murar, bl.a. i Odin i Minnesota.*

*Nørdre Trolldalen vart etter at folket flytte frå samanslege med søre  
Trolldalen. Husa låg om lag der driftsbygningen i Trolldalen står nå,  
og jordvegen var nedover frå der.*

*I 1875 var det i nørdre Trolldalen 2 sauер og 8 geit. Det vart sådd ¼  
tønne bygg, 1 tønne poteter og litt rug.*

*Kjelder:* J.Kolden 2002: *Bygdabok for Lom* 2, s. 47

K.B.Storvik 1999: *Draumen om eit bedre liv*, s. 97

*Folketellingar 1865, 1875, 1900*

*Utskrifter kyrkjebok for Vågå*

*Festekontrakter*

*Asbjørn Trolldalen: munnleg fortald*